

Pilotprosjekt for å utløyse ei bioenerginæring i Hordaland.

Prosjektplan

Godkjend i Osterfjordrådet 16.3.06
Oppdatert av styringsgruppa pr 30.8.06

Prosjektansvarleg: Osterfjordrådet

Prosjektleiing: Osterfjord Næringssamarbeid

Prosjektleiar: Lars Mjøs, Industriksulenten på Osterøy

Prosjektstart: Søknad fremja 7.7.05

Prosjektslutt: Utgangen av 2008

Bakgrunn

Etter eit første initiativ i Osterfjordrådet sitt møte 13.2.2004 og seinare i nært samarbeid med fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg, fremma Osterfjord Næringssamarbeid 7.7.2005 prosjektplan for "Pilotprosjekt for å utløyse ei bioenerginæring i Hordaland".

Fylkestinget i Hordaland vedtok 12.10.05 samrøystes ei løyving på inntil 4 mill kr til Osterfjord Næringssamarbeid til "Pilotprosjekt for å utløyse ei bioenerginæring i Hordaland". I brev av 17.1.06 frå Hordaland fylkeskommune har Osterfjord Næringssamarbeid fått melding om tilsegn til prosjektet på kr 1.419.000. I brev av 12.1.06 skriv fylkeskommunen at dette vil bli følgt opp med løyvingar i 2006/07 slik at ein når ramma på 4 mill kr.

I Regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2005 (RUP 2005) er energi prioritert som ei av næringane der fylket har særlege føremoner. Eit av 3 satsingsområde er å "stimulera til auka utbygging av småkraftverk og satsing på bioenergi i Hordaland".

Prosjektet er også forankra i Osterfjordregionen si prioriterte satsing på bioenergi og i aktuelle næringsaktørar og bygningseigarar si interesse for området.

Mål

Føremålet med pilotprosjektet er å stimulere til etablering av bioenergianlegg i Hordaland og med det medverke til å utløyse ei bioenerginæring med regional forankring.

Resultatmål:

Bidra til etablering av 1-3 anlegg, eventuelt fleire, for **biobrenselproduksjon**. Då biobrenselmarknaden må byggjast opp, er det naturleg at ein startar "i det små". Det vert vektlagt at anlegga kan ha potensiale for vekst.

Bidra til etablering av 5-10 anlegg for **biovarmeproduksjon** (varmesentralar, fyringsanlegg, nær-/ fjernvarmeanlegg). Her er det ønskjeleg å ha variasjon i anleggstypar for å få variasjon i type demonstrasjonsanlegg.

Bruk av midlane

30 til 50 % av midlane vil bli nytta til prosjektering og investering i anlegg for biobrenselproduksjon. Dei resterande midlane vil bli nytta til tilskott til prosjektering og investering i anlegg for produksjon av biovarme samt til motivasjonsverksemd/marknadsutvikling og forvaltning av midlane.

Planen er å kunne gje investeringstilskott på 5%-15% avhengig av om det også kan skaffast annan støtte. Det finst ei støtteordning knytt til landbruksnæringa. Enova har støtteordningar, men truleg vil fleire av anlegga som er aktuelle, vere for små til å komme inn under desse

ordningane. Ein mindre del av støtta skal og kunne nyttast til planleggingstilskott på inntil 50% av kostnadene.

Det er aktuelt å medverke med tilskott til bioenergianlegg både i og utanfor Osterfjord-regionen, spesielt i regi av skogeigarane.

Måling av resultat

Det skal registrerast/rapporterast tal og type anlegg.

For anlegg for **bremselproduksjon** skal opplysast årleg produksjonskapasitet i vekt og energimengde og det skal i prosjektperioden årleg opplysast produsert mengde for kvart anlegg.

For anlegg for **biovarmeproduksjon** skal opplysast produksjonskapasitet i form av effekt og årleg energimengde og det skal i prosjektperioden årleg opplysast levert energimengde for kvart anlegg.

Kostnad og finansiering

Fordeling av kostnader på ulike fasar og prosjektområde(i mill kr).			
Prosjektområde	Prosjektering	Utbygging	Totalt
Biobrenselproduksjon (flis, brikettar) 1-3 anlegg	0,5	15,5	16
Biovarmeproduksjon (varmesentralar, fyringsanlegg, nær-/ fjernvarmeanlegg)	1,5	22,2	23,7
Motivasjonsverksemd/ forvaltning	0,3		0,3
Sum kostnader	2,3	37,7	40
Herav fylkestilskott	0,7	3,3	4

Årsbudsjett og planlagd tilskotsprofil				
	2006	2007	2008	Sum alle år
Forventa godkjende kostnader i prosjektet (mill kr)	20	10	10	40
Tilskotsprofil fylkeskommunale midlar (mill kr)	2	1	1	4
Anna finansiering som lån, eigenkapital og tilskot frå andre aktørar (vil variere frå prosjekt til prosjekt)	18	9	9	36

Oppstart

Søknad fremja 7.7.05

Løyving til prosjektet i fylkestinget 12.10.05

Tilsegnsbrev 17.1.06

Første møte i styringsgruppa 8.2.06

Formelt møte i Osterfjordrådet om prosjektansvar/godkjenning av revidert prosjektplan 16.3.06

Styringsgruppa har opna for å kunne støtte tiltak som vart igangsette sommaren 2005 med utsikt til å kunne søke støtte frå prosjektet.
Styringsgruppa fastsetter og held vedlike ein **aktivitetsplan** etter framlegg frå prosjektleiar.

Løyvingsperiode/utbetalingsfrist

Løyvingsperioden for tiltak er til og med utgangen av 2008. Tiltak som får tilskott, vil ha ein gjennomføringsfrist med frist for dokumentasjon som grunnlag for utbetaling som vert fastsett for kvar sak. Siste utbetaling er planlagt å vere innan utgangen av 2008. Det er opning for og kan om naudsynt bli aktuelt med forlenging.

Den første løyvinga frå Hordaland fylke på kr 1.419.000 har ein frist ut 2008, men i spesielle tilfelle kan fristen for utbetaling forlengast etter søknad.

Rapporteringsfristar

Osterfjord Nærings samarbeid må sørge for at det vert utarbeidd ein rapport til projektansvarleg og til Hordaland fylkeskommune for bruken av midlane kvart år. For 2006 må denne rapporten vere levert innan 15. mars. Rapporten skal fokusere på:

- Dei utfordringane bioenerginæringa har og som ligg til grunn for tiltaka.
- Gjere greie for mål og forventa resultat av tiltak som er sette i gang, særleg korleis dette kan utløyse ei tyngre utvikling. Der det er vanskeleg å seie noko om måloppnåing på kort sikt, skal det gjerast greie for forventa resultat på lengre sikt.
- Orientering om gjennomførte tiltak/aktivitetar og korleis desse samsvarer med dei fastsette måla i prosjektplanen.
- Ein framdriftsplan for ikkje igangsette/gjenverande tiltak.
- Årsrekneskap og oversikt over kva for økonomiske ressursar bruken av desse midlane har utløyst hos andre aktørar.
- Eventuelt samarbeid med andre regionar og over fylkesgrensene kommenteras.

Styringsgruppe

Leiar i Osterfjordrådet, Øivind Olsnes, ovind.olsnes@vaksdal.kommune.no, leiar
Teknisk sjef Osterøy kommune, Roald Hovden, roald.hovden@osteroy.kommune.no,
nestleiar

Hordaland fylkeskommune; Arthur K Arnesen, Arthur.Arnese@hordaland-f.kommune.no

Leiar i Osterøy skogeigarlag; Lars Rune Teigland, lrteigl@online.no

Representant utanfor Osterfjordregionen; Lars Even Lemme, lelemme@online.no

Modalen kommune, næringskonsulent/teknisk sjef, Inge Kårevik,
inge.kaarevik@modalen.kommune.no

Osterfjord Reiselivslag, Bente Jorunn Sundheim, post@osterfjord.net

Vaksdal Nærings selskap AS, Svein Aksel Sellevold, vns@vaksdalnet.no

Osterfjordrådet oppnemnar leiar og nestleiar i styringsgruppa.
Prosjektleiaren møter på møta i styringsgruppa.

Vedtak i styringsgruppa kan fattast under fysisk møte og i saker som synest å vere godt i tråd med føresetnadene for prosjektet og styringsgruppa sine prioriteringar, ved at medlemmene melder sitt syn utan at det vert halde fysisk møte.

Den ein skilde medlem har rett til å krevje fysisk møte.

Ved fysisk møte og telefonmøte er styringsgruppa vedtaksfør dersom minst 5 av 8

medlemmer deltek og saker vert avgjort ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetal tel leiaren si røyst dobbelt. Ved vedtak utan fysisk møte må minst 6 av dei 8 medlemmene melde positivt tilbake at dei støttar framlegget til vedtak.

Innkalling av styringsgruppa skjer normalt skriftleg.

Det vert skreve referat frå møta i styringsgruppa. Den einskilde medlem må innan ei veke etter motteke referat, melde frå om eventuelle merknader. Formell godkjenning av referatet skjer i neste møte.

Profilering

I skriftlege og munnlege framstillingar av prosjektet skal både Osterfjord Nærings samarbeid og dei som mottar tilskott til tiltak, nemne at prosjektet er finansiert av Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune ønskjer å få kopi av skriftlege omtalar og framstillingar av prosjektet, i media eller på andre måtar.

Marknadsføring

Både prosjektleiaren og medlemmene i styringsgruppa sørgjer for at prosjektplanen er tilgjengeleg på aktuelle/ respektive heimesider. Me legg og til rette for informasjon i Hordaland via media/ tidsskrift.

Melding til Fornyings og Administrasjonsdepartementet

Av omsyn til EØS-regelverket melder Osterfjord Nærings samarbeid tilskottordninga på eit fastsett skjema til Fornyings og Administrasjonsdepartementet. Dette er gjort pr 8.3.06. Departementet informerer ESA innan 20 dagar etter at tiltaket er sett i verk. Så lenge støttegjevar og departementet er einige om at støtta ligg innanfor gruppefritaksordninga, kan støtta setjast i verk utan notifisering.

Retningslinjer for søkjarar/ søknader

Aktuelle søkjarar må gjerne ta kontakt på eit tidleg stadium for drøfting av prosjektidear og for avklaring om grunnlag for ein eventuell søknad.

Ein søknad må vere godt dokumentert.

Det vert ikkje stilt krav om å nytte ein fastsett mal eller søknadsskjema.

Søkjaren må gjerne nytte ein forretningsplan-mal (t.d. på Innovasjon Noreg sine heimeiser; www.invanor.no), Vaksdal Næringssskap AS sin mal for søknader eller tilsvarande.

Det vert lagt vekt på at marknad, lønnsemd, kapasitet/effekt, kostnadsoppsett og finansiering vert dokumentert.

I søknaden bør det gå fram om ein søker etter ordninga for bagatellmessig støtte, SMB-støtte eller om ein meiner/kan dokumentere at prosjektet er utanfor EØS-avtalen (i praksis tilleggsnæring knytt til landbruk).

Dersom ein vil nytte ordninga med bagatellmessig støtte, skal det leggjast ved dokumentasjon attestert av revisor eller rekneskapsfører for motteken bagatellmessig støtte kvart av dei 3 siste åra.

Søknader vert handsama fortløpande. Det er ikkje nokon søknadsfrist. Søknadsfrist kan bli innført dersom konkurransen om midlane vert stor.

For tiltak som er innvilga tilskott, skal det innan 1. februar kvart år, inntil sluttrapport er levert, leverast ein kort rapport om framdrift for tiltaket.

For anlegg for **bremselproduksjon** skal og opplyst årleg produksjonskapasitet i vekt og energimengde og det skal i prosjektperioden årleg opplyst produsert mengde for kvart anlegg.

For anlegg for **biovarmeproduksjon** skal og opplyst produksjonskapasitet i form av effekt og årleg energimengde og det skal i prosjektperioden årleg opplyst levert energimengde for kvart anlegg.

Eit vilkår for å få støtte, er at tilskottsmottakar må vere villig til, t.o.m. 2010, å **vise fram** for interesserte det anlegget det er gitt tilskott til. I utgangspunktet skal dette gjerast utan godtgjersle. Dersom pågangen vert urimeleg stor, kan dette takast opp med Osterfjord Nærings samarbeid og ein kan avtale nærare, fornuftige vilkår for demonstrasjonar.

Delutbetaling:

Delutbetaling skjer normalt ikkje, men søkjaren kan i søknaden søkje om høve til delutbetaling. Dersom delutbetaling vert innvilga, kan delutbetaling skje på grunnlag av dokumenterte, revisorattesterte utgifter.

Sluttrapportering og -utbetaling:

Saman med oppmoding om sluttutbetaling skal det følgje spesifisert prosjektrekneskap og sluttrapport. Rekneskapen skal setjast opp slik at han kan jamførast med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn i planen for bruk av midlane, og skal vera attestert av revisor.

Sluttrapporten skal omtale dei same forhold som årsrapporten (sjå ovanfor), men det er tilstrekkelig med ein kort oppsummering av tidlegare årsrapportar, samt ein rapportering av prosjektgjennomføringa etter siste årsrapport. Dersom arbeidet ikkje vert utført i planlagt omfang eller til kalkulert kostnad, kan tilskottet verta tilsvarande avkorta. Mottakar har eit

sjølvstendig ansvar til å kontrollera at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskott skal betalast attende utan opphald.

Kontroll:

Osterfjord Næringssamarbeid og Hordaland fylkeskommune har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskottet blir helde. Støttlemottakar pliktar å gje dei opplysningane som Osterfjord Næringssamarbeid og/eller fylkeskommunen ber om.

Regelverk for offentleg støtte

Tiltaket må ikkje vere i strid med regelverket om offentleg støtte. Mottakar har sjølv ansvar for å sjå til at bruken av midlane skjer innafor dei rāmene som er sette. Utbetalingar som er gjort i strid med regelverket, kan krevjast tilbakebetalt frå mottakaren av støtta.

Midlane kan ikkje nyttast til støtte direkte til kommunale eller fylkeskommunale prosjekt eller til drift av fylkeskommunale eller kommunale tenester.

For tilskottsmottakarane er det aktuelt å nytte ordninga med bagatellmessig støtte eller gruppefritaket for SMB-støtte.

Grensa for bagatellmessig støtte er på 100.000 Euro over 3 år.

Dei viktigaste reglane for SMB-støtte er i kortversjon:

Brutto støtteintensitet til investeringar i anleggsaktiva kan ikkje overskride 15% av kostnadene for små føretak og 7,5% for mellomstore føretak.

Satsane kan aukast med 10% dersom investeringa skjer i eit område som kvalifiserer for regionalstøtte (ikkje Osterøy).

Brutto støtteintensitet til rådgjevingstenester og til messer og utstillingar (berre 1. gang) er 50%. Dette gjelder eksterne kostnader utover ordinær drift.

Støtta må ikkje kumulerast med annan offentleg støtte dersom samla støtte går over grensene for støtteintensitet.

Grensa for støtteintensitet kan gjere det vanskeleg å kombinera støtte hos andre som til eksempel Enova.

Det vert avklart mellom støtteytar og støttlemottakar om støtta skal gjevast som bagatellmessig støtte eller etter gruppefritaksreglane for SMB; dette vert spesifisert i tilsegnsbrevet.

Det vert elles vist til: NOTAT OM STØTTEREGLAR OG PRAKSIS FOR

”PILOTPROSJEKTET”pr 4.9.06 som finst på www.osteroyindustrialag.no/indkons.